



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singsaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 28. oktober 1994

STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Tysdag 1. november kl. 09.00 talar statsministeren til landsmøtet i Norsk Tjenestemannslag, i Folkets Hus i Oslo. Kl. 18.00 deltek ho i EU-debatt i NRK/Radio sitt program "Dagsnytt Atten", saman med Senterpartiet sin leiar Anne Enger Lahnstein.

Onsdag 2. november kl. 09.00 vitjar statsministeren Ski vidaregåande skule på Ski i Akershus, for å samtale med elevane om EU-spørsmålet. Kl. 14.30 vitjar ho verksemda Norfolier A/S, Losbyveien 1 i Lørenskog, der ho mellom anna deltek på allmannamøte kl. 15.00. Kl. 18.00 svarar statsministeren på spørsmål frå lesarar av Akershus/Romerikes Blad, ved telefonen i redaksjonen på Lillestrøm.

Fredag 4. november kl. 18.00 møter statsministeren lesarar av Bergens Tidende, i Grieghallen i Bergen.

Laurdag 5. november kl. 12.00 deltek statsministeren i Arbeidarpartiet sin EU-kampanje på Zachariasbrygga i Bergen.